

RADØY KOMMUNE  
 Radøy kommune, Teknisk avdeling  
 Radøyvegen 1690  
 5936 MANGER

Deres ref:  
 Vår ref: 2017/013103  
 Dato: 19.01.2017  
 Org.nr: 985399077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler



Mattilsynet

## RAPPORTERING AV OPPLYSNINGAR OM VASSVERKET FOR ÅRET 2016

Du har eit vassforsyningssystem som forsyner minst 50 menneske, 20 bustader eller hytter, ein helseinstitusjon, ein skule eller ein barnehage.

Godt drikkevatt er av stor verdi for samfunnet. Som vassverkseigar har du difor plikt til å rapportera opplysningar om vassverket til Mattilsynet. Plikta er fastsett i drikkevannsforskriften. Opplysningane er til nytte for oss i tilsynet med vassverka, og sikrar oversyn over vassforsyningssystema i ein beredskapssituasjon. Mattilsynet leverer og opplysningar om vassverk til ei rekkje andre aktørar, til dømes Statistisk Sentralbyrå, Folkehelseinstituttet og EU. Opplysningane bli nytta som grunnlag for viktige politiske vedtak, både lokalt og nasjonalt.

Som vassverkseigar er det og slik at du har plikt til å informere brukarane av vatnet.

### **Fristen for å rapportera går ut 15. februar 2017.**

På grunn av at det gjennomførast enkelte endringar i skjemaet som blir nytta ved årleg rapportering, kan du ikkje byrja på rapporteringa før 1. februar 2017.

Det er viktig at du svarar på alle felte og kontrollerer at tala er riktige. Dette gjeld særleg analyseresultata. Kontroller også at tala blir lagt inn med same måleeining som brukt i drikkevassføresegna. Nokre stader skal det nyttast milligram/liter, andre stader skal det nyttast mikrogram/liter. Kommafeil, eller at det blir lagt inn eit tal for mykje eller for lite, skaper sjølvsgatt problem når tala skal nyttast.

Det er og viktig at du svarar på spørsmåla om leidningsnett og alternativ vassforsyning.

Dersom du gir mangelfull rapportering kan det resultere i at han ikkje blir godkjent, og dermed sendt i retur. Det kan og føra til at det blir gjeve tvangsmulkt.

Les rettleiinga på [http://www.mattilsynet.no/mat\\_og\\_vann/vann/vannverk/](http://www.mattilsynet.no/mat_og_vann/vann/vannverk/) før du byrjar rapporteringa.

Med hilsen

Aslaug Sandvin  
avdelingssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.  
Dokumenter som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*